



Fylkesmannen i Vestland

Naddvik Sankelag
V/Ole Bjarne Hovland

Vår dato:

22.08.2020

Vår ref:

2020/12811

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Løyve til skadefelling av ein jerv i Naddvik sankelag sitt beiteområde i fjellområdet Årdal/Lærdal

Fylkesmannen i Vestland gjer vedtak om skadefelling av ein (1) jerv innanfor eit nærrare avgrensa område i fjellområdet Årdal/Lærdal til og med 30. august 2020. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77, jf. rovviltforskrifta § 9.

Løyvet er tildelt Naddvik sankelag, som har det administrative ansvaret og ansvar for rapportering. Det kan klagast på vedtaket innan tre veker.

Vi viser til munnleg søknad laurdag 22. august kl. 12.00 om skadefelling av ein jerv i fjellområdet mellom Årdal og Lærdal kommune. Søkjar er Naddvik sankelag. Det er per i dag ikkje dokumentert skade av jerv i området. Bakgrunn for søknaden er mellom anna observasjon av ein jerv i beiteområdet i dag 22. august 2020, skadehistorikk frå det same området og stort skadepotensiale.

Lovgrunnlaget

Naturmangfaldlova og rovviltforskrifta dannar den juridiske ramma for Fylkesmannen sitt vedtak i saka.

Naturmangfaldlova sitt formål (§ 1) lyder:

«*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.*» Etter naturmangfaldlova § 5 er det eit mål at artene og deira genetiske mangfold blir ivaretatt på lang sikt og at artene førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege områder. Tiltak etter naturmangfaldlova skal likevel avvegast mot andre viktige samfunnsinteresser, jf. § 14. Ei slik avveging skal ikkje medføre at målet i § 5 fell vekk, men at tiltaket vil kunne medføre at målet i § 5 nåes på ein annan måte eller i eit anna tempo enn om naturmangfaldet hadde vore det einaste forholdet å vurdere, jf. prinsippet om ein geografisk differensiert forvaltning. Naturmangfaldlova § 5 og prinsippet om geografisk differensiert forvaltning er konkretisert gjennom §§ 3 og 4 i rovviltforskrifta og gjennom den regionale forvaltningsplanen for rovvilt i rovviltregionane.



Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lova §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndighet. Naturmangfaldlova §§ 8 til 10 og § 12 er omtalt seinare i vedtaket. § 11 blir ikke vurdert som relevant for denne saka. Vi visar til naturmangfaldlova § 18 første ledd b), jf. rovviltskrifta § 13, jf. §§ 1, 2 og 3, der det står:

*Naturmangfoldloven § 18 (annet uttak av vilt og lakse- innlandsfisk etter vurdering av myndighetene):
Kongen kan ved forskrift eller ved enkeltvedtak tillate uttak av vilt og lakse- innlandsfisk (...)
b) for å avverge skade på avling, husdyr, tamrein, skog, fisk vann eller annen eiendom, (...)
Vedtak etter første ledd bokstav a til f kan bare treffes hvis uttaket ikke truer bestandens overlevelse og formålet ikke kan nås på annen tilfredsstillende måte.*

Vidare frå rovviltskrifta:

Rovvilstskrifta § 1 (Formål): Formålet med denne forskrift er å sikre en bærekraftig forvaltning av gaupe, jerv, bjørn, ulv og kongeørn. Innenfor en slik ramme skal forvaltningen også ivareta hensyn til næringsutøvelse og andre samfunnsinteresser. Forvaltningen skal være differensiert slik at hensynet til ulike interesser vektlegges forskjellig i ulike områder og for de ulike rovviltaarter.

Forskriften skal sikre en forvaltning som vektlegger forutsigbarhet og lokal medvirkning.

Rovvilstskriften § 2 (Definisjoner)

(...)3

Rovvilstskriften § 3 (Nasjonale bestandsmål og bestandsovervåking):

I Norge skal det årlig være 65 ynglinger av gaupe, 39 ynglinger av jerv og 13 ynglinger av bjørn.

Rovvilstskrifta § 9 (Fylkesmannen sin myndighet til å fatte vedtak om felling og jakt):

Fylkesmannen kan av eiga tiltak eller etter søknad gjere vedtak om iverksetting av felling for å hindre framtidig skade innanfor ramma av kvote for betinga skadefelling gjeve av rovviltnemnda, jf. forskrifta § 8, eller Miljødirektoratet, jf. § 13. Fylkesmannen kan delegera sin myndighet til iverksetting av slik felling til kommunen i særskilte tilfelle.

Ved vurderinga av om det skal gjevast løyve til skadefelling skal det leggast vekt på føringane i regional forvaltningsplan, jf. forskrifta § 6. Felling kan berre gjennomførast dersom det ikkje finnast anna tilfredsstillande løysing ut frå prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særleg takast omsyn til

- a) området sin betydning som beitemark
- b) omfang av skader og utvikling
- c) potensialet for framtidige skader
- d) moglegheit for å gjennomføre førebyggande tiltak

Felling skal vere retta mot bestemte individ. Vedtak om felling skal vere avgrensa til eit bestemt område, tidsrom og tal dyr. Det kan knytast nærmere vilkår til fellingsløyvet, mellom anna at bestemte typar dyr skal vere unntake, at felling skal utførast av nærmere bestemte personar, samt metodar for felling. Det kan også gjevast bestemmingar om dekking av utgifter i samband med felling. Felling og forsøk på felling med tilvising til denne bestemminga blir gjennomført uavhengig av grunneigar sin jaktrett, jf. viltlova § 35.



Politiske og forvaltningsmessige rammevilkår:

Det nasjonale bestandsmålet for jerv er 39 ynglingar i Noreg,

Vi viser til Representantforslag 163 S (2010-2011), og Stortingets behandling av dette den 17. juni 2011 der det blei inngått eit nytt einstemmig rovviltforlik. Av rovviltforliket i 2011 går det frem i innleiinga at norsk rovviltforvaltning framleis skal skje innanfor ramma av naturmangfaldlova og Stortingets behandling av denne, Bernkonvensjonen og den todelte målsettinga etter rovviltforliket av 2004, og den videre oppfølging av dette.

Kunnskapsgrunnlaget

Rovdata har ansvar for formidling, drift og utvikling av *Det nasjonale overvakningsprogrammet for rovvilt*. Rovdata er den sentrale leverandør av data om status og utvikling i rovviltnestandane til alle forvaltningsledd. Jervebestanden blir overvaka ved å dokumentere ynglingar og ved hjelp av DNA-prøver. Per i dag er det registrert 60 jervekull i Noreg.

Når det gjelder føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9, er dette mest aktuelt i saker og situasjoner der ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap tilgjengeleg. Etter Fylkesmannen sitt syn er ikke dette tilfelle i denne saken. Regional forvaltningsplan for rovviltnestaden i 1 viser at heile regionen er prioritert for beitebruk og det er ingen bestandsmål for jerv.

Skadebiletet i det aktuelle området

Det er ikke påvist skade av jerv i området i 2020, men det har ved fleire høve tidlegare år vore dokumentert omfattande jerveskade i dette fjellområdet.

Vurdering

Frå 1. juni er det fylkesmennene som har myndighet til å tildele betinga skadefellingsløyve på jerv jf. rovviltnemnda §§ 8 og 9. Kvoten for skadefelling er vedteke av rovviltnemnda og for jerv er denne kvoten på 8 dyr.

Vi finn at det er grunnlag for å tildele eit skadefellingsløyve for å gjere eit forsøk på å få felt jerven som er i beiteområdet til Naddvik sankelag. Det er først og fremst området sin betydning som beiteområde som veg tungt, saman med dei omfattande jerveskadane som har vore i dette fjellområdet tidlegare. Saueeigarane er svært uroa over at det er jerv i beiteområdet no, på denne tida som jerven tradisjonelt gjer mest skade.

Vedtak

Ut frå vurderingane ovanfor gjev Fylkesmannen skadefellingsløyve for ein (1) jerv innanfor eit nærrare avgrensa område i fjellområdet Årdal/Lærdal. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 18 første ledd b) og § 77, jf. rovviltnemnda § 9.

Følgjande vilkår gjeld for skadefellingsløyvet:

1. Skadefellingsområdet gjeld for fjellområdet Årdal/Lærdal avgrensa av RV 53 Årdal-Tyn, fylkesgrensa til Innlandet og E 16 Filefjell - Lærdalsøyri.
2. Skadefellingsløyvet er tildelt Naddvik sankelag og blir administrert og rapportert av sankelaget. Fellingsleiar er Aleksander Øren Heen.
3. Skadefellingsløyvet gjeld i tidsrommet frå 22. august 2020 kl.12.15 til og med 30. august 2020.



4. Naddvik sankelag skal ha liste med oversikt over deltakarane i fellingslaget. Det er eit krav at alle deltakarane i laget oppfyller krava til og innehar lisens for jerv for jaktåret 2020/2021, jf. krava i forskrift om utøving av jakt, felling og fangst, §§ 13 og 14.
5. Det skal nyttast våpen og ammunisjon som tilfredsstiller krava til felling av jerv, jf. forskrift av 22. mars 2002 om utøving av jakt, felling og fangst.
6. Felling eller forsøk på felling skal straks meldast til Fylkesmannen (tlf: 481 43 095) og Statens naturoppsyn (SNO) (tlf: 480 94 364). Den som feller dyr skal framvise felt dyr for SNO for kontroll, merking og prøvetaking av biologisk materiale, og skyttar skal kunne påvise fellingsstad (eller eventuell skotplass) etter oppmoding frå SNO.
7. Skadefellingsforsøk og felling i tråd med dette løyet kan skje utan omsyn til grunneigarretten, jf. lov om jakt og fangst av vilt § 35.
8. Felt dyr i medhald av dette løyet er Viltfondet sin eigedom. Ingen kan derfor på noko vis gjere seg nytte av felt dyr eller deler av dyr utan samtykke frå Miljødirektoratet.
9. Dersom jerv blir skadeskoten pliktar dei ansvarlege å gjere det dei kan for å avlive dyret snarast mogleg. Skyttar pliktar å forvisse seg om at dyr det er skote på er treft eller ikkje. Ved skadeskyting skal skyttar utan opphold melde frå til Fylkesmannen, SNO og nærmeste politimyndighet. Fylkesmannen avgjer vidare gjennomføring og avslutning av ettersøk.
10. Alle medlemmar av fellingslaget som deltek i fellingsforsøket skal ha kopi av dette brevet og vere kjend med vilkåra for skadefellingsløyvet.
11. Fylkesmannen kan til ein kvar tid endre eit eller fleire av vilkåra, eller trekke tilbake fellingsløyvet.
- 12.** Etter fellingsforsøket skal det rapporterast på ei eiga rapporteringsløysing i Miljøvedtaksregisteret.

Klagerett

Partane i saka og andre med klagerett etter forvaltningslova, kan klage over avgjerda innan tre veker etter at avgjerda er motteken. Eventuell klage bør grunngjenvæst og rettast til Miljødirektoratet.

Klagen skal sendast til Fylkesmannen, som anten kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende han til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Miljødirektoratet
Statens naturoppsyn
Rovviltnemnda region 1
Vest Politidistrikt
Mattilsynet
Årdal kommune
Lærdal kommune